



Lindås VVS AS
Postboks 42
5951 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7707 - 15/804

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
16.01.2015

Søknad om utsleppsløyve og løyve til tiltak - gbnr 124/24,25,26 - trong for tilleggsdokumentasjon.

Lindås kommune viser til søknad om utsleppsløyve og søknad om løyve til tiltak mottatt 01.12.2014. Vi beklagar sein tilbakemelding i saka.

Kommunen har gått gjennom saka og finn at det er trong for følgjande tilleggsinformasjon:

Utsleppsløyve:

- Tiltaket er ikkje nabovarsla. Eigedomane gbnr 124/3, gbnr 124/22, 125/8 og gnr 125/9 må varslast.
- Det må gjerast greie for brukarinteresser.
- Avlaupsleidningen skal forlengast ut i sjø til 15 m djupne. I tillegg må leidningen førast så langt ut i vågen at utsleppet ikkje fører til oppsamling av kloakk og forureining av vågen. Revidert situasjonskart må evt sendast inn.
- Det må gjerast greie for kor mange som er tilknytt utsleppsleidningen, både kor mange bustadar som er på og kor mange pe dette representerer. Det må også dokumenterast kapasitet og kvalitet på utsleppsleidningen.
- Det er oppgitt reinsegrad for utslepp av gråvatn samstundes som det er oppgitt at det skal etablerast vassklosett. Vi ber om at dette vert retta opp og at riktig reinsegrad vert ført opp.
- Folenging av leidning i sjø krev eige løyve frå Bergen og Omland Havnevesen. Slikt løyve skal liggja føre før byggjeløyvet kan gjevast.

Tilknytning til kommunalt vassverk

Eigedomane skal knytast til det kommunale vassverket via privat vassleidning som går frå bustadfeltet i Hopsvågen og fram til dei omsøkte eigedomane. Vi kan ikkje sjå av det kommunale arkivet at det ligg føre løyve til etablering av den private vassleidningen som er ført fram til området, etter reglane i plan- og bygningslova. Før vi tek stilling til omsøkt etablering av vassleidning må det dokumenterast at det er gitt byggjeløyve for den leidningen.

Den private vassleidningen frå Hopsvågen er ført fram til området i fleire etappar. Det ligg føre erklæring med løyve til tilknytning til privat vassleidning frå eigar av gbnr 124/2. Dersom det er fleire eigarar av leidningen må desse også gje løyve til bruk av den private leidningen.



Teknisk drift opplyser at det kommunale vassverket har tilstrekkeleg kapasitet til at dei tre omsøkte eigedomane kan knytast til.

Tiltak etter pbl.

Det må gjerast greie for kva del av den innteikna vassleidningen som er omsøkt.

Dersom tiltaket omfattar leidning i sjø må det også søkjast om løyve til Bergen og Omland Havnevesen.

Tiltaket må nabovarslast. Dersom det ikkje er andre naboar til tiltaket enn dei som har gitt ulike erklæringar om løyve i saka, er ikkje ytterlegare varsling naudsynt.

Føretaket Lindås VVS NT har søkt om ansvarsrett som ansvarleg søkjar, prosjekterande og utførande for arbeidet. Føretaket har ikkje sentral godkjenning for rolla som ansvarleg søkjar. Det må søkjast om lokal godkjenning.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn innan 15.03.2015. Søknadane vert handsama kvar for seg når tilstrekkeleg dokumentasjon ligg føre. Dersom tilleggsinformasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gnr 124 bnr 3 mfl - naboliste

Kopi til:

Gunn Kvalvågnes
Teknisk drift

Keilevegen 97 B 5953

FONNES

Mottakarar:

Lindås VVS AS

Postboks 42 5951

LINDÅS